
Saksnr: 2021/965-1
Saksbehandlar Inger Marken
Dato: 13.01.2021

Til: Administrasjonsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Orientering om status i prosjektet "bruk av stillingstitlar" i Vestland fylkeskommune

Våren 2020 vart det oppretta ei partsamansett gruppe som skulle kome med framlegg til bruk av stillingstitlar for Vestland fylkeskommune. Deltakarar i gruppa er Marius Kjørmo, Akad-k, Svein Torbjørn Sandvold, Fagforbundet, Jan-Erik Weinbach, HR-seksjonen og Inger Marken, HR-seksjonen. Hausten 2020 kom også Randi Randal, HR-seksjonen, inn i gruppa. Prosjektgruppa er leia av Inger Marken.

Våren 2020 og tidleg haust 2020 vart det arbeid med definerings av mandat og innhenting av informasjon om korleis dette vart handtert i andre fylkeskommunar. Frå 4. kvartal 2020 er det gjennomført møte ein gong i veka i prosjektgruppa.

Prosjektgruppa valde å starte arbeidet med utgangspunkt i ein modell etter Trøndelag fylkeskommune då denne fylkeskommunen var komen langt i dette arbeidet. Vi har delt arbeidet opp i to og fram til jul har gruppa har konsentrert arbeidet om arbeidstakarar som har stillingar knytt mot kap. 5 i hovudtariffavtalen. Forslaget for bruk av stillingstitlar i samsvar med kap. 5 vart lagt fram på informasjons- og drøftingsmøte med hovudtillitsvalde 13.01.2020.

Mandat og føremål:

Alle tilsette beheldt den stillingsnemninga som dei hadde pr 31.12.2019 ved overgang til Vestland fylkeskommune. Hovudtariffavtalen vil vere styrande for arbeidet i prosjektgruppa. Tittelen skal spegle kompetansekravet til stillinga. For å bli plassert inn med ein gitt stillingstittel skal ein fylle krava til både formal- og realkompetanse.

Prosjektgruppa kjem med forslag til stillingsnemningar for Vestland fylkeskommune. Prosjektgruppa vil gjere ei vurdering av om det kan vere aktuelt å gje unntak for nokre tilsette som får behalde tidlegare stillingstittel uavhengig om dei fyller kriteriekravet for Vestland fylkeskommune. Prosjektgruppa vil konsentrere arbeidet om stillingstitlar i samsvar med kap. 4 og kap. 5 i hovudtariffavtalen, prosjektgruppa vil ikkje sjå på titlar innfor kap. 3, leiarstillingar, i denne omgang. Prosjektgruppa vil ikkje gi styrkkodar på kvar tittel. Lønspolitikken gir informasjon om lønsdanninga. Lønsplassering er ikkje vurdert i denne prosjektgruppa.

Prosjektgruppa arbeidar fram ei forslag som blir lagt fram på informasjons- og drøftingsmøte med hovudtillitsvalde, fylkesrådmannen vedtar endeleg struktur.

Føremål:

Prosjektgruppa har som mål å lage ein struktur på stillingstitlar som er føreseieleg og enkel å forstå. Det er ei målsetjing å sikre likebehandling, samt å forenkle bruken av stillingstitlar. Det er også ei målsetjing å sikre lik bruk av stillingstitlar på tvers av avdelingar i fylkeskommunen.

Tempoplan for det vidare arbeidet:

Prosjektgruppa arbeider no hovudsakeleg med bruk av stillingsnemningar og -kodar i samsvar med kap. 4. Ny sak vil bli lagt fram på informasjons- og drøftingsmøte med hovudtillitsvalde 10.

februar. Det er ei målsetjing at endeleg struktur er på plass innan 1. mars, og at ny struktur vert implementert i mars månad.